



Triveleg trio frå Litauen - Jurgita, Davia og Vita

Våre nye landsmenn - ein ressurs i bygda

Dette er eit av dei nye tiltaka som vert lansert i handlingsplanen for Uskedal Utvikling. Planen vert justert under årsmøtet i Gamleskulen onsdag klokka 19 og det vert 2 korte innlegg om dei som har kome til oss. Dei som skal ha innlegga er lærar på Vaksenopplæringa Thor Inge Døssland og Magne Huglen - den siste med erfaring frå Dønhaug Gjestegard.

Oppmodinga frå styret om å senda inn framlegg om tiltak har ført til at det lokale bondelaget vil ha med eit punkt om arealbruk og jordvern.

Rekneskap for fjoråret og budsjett for dette året vert lagt fram av reknskapsfører Alf Hjørnevåg. Leiar av valnemnda Gunn Mari Moberg legg fram vala. Leiar og varamedlemer står på val kvart år og nokre styremedlemer står også på val.

Styret legg opp til 5 arbeidsgrupper: Gamleskulen, Kafe Tlaren, nettsida uskedalen.no. blommar/pynting og turveggar i sentrum og Prosjekt. Det er frivillig om ein vil vera med i ei arbeidsgruppe og difor vert alle inviterte til å ta del i arbeidet ut frå interessr og fagkunnskap.

Medlemmene i Uskedal Utvikling er innkalla på nettsida. Møtet er elles ope for alle interesserte.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen